



Aili Vibeke Mjåtvedt Holst
Fosse 189
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/17306 - 21/8968

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
09.02.2021

Klage på fakturering - gbnr 325/5 og 41 Fosse

Viser til dykkar e-post motteken 12.01.2021 gjeldane klage på gebyr.

Me årsakar at det har teke lang tid å svare på klagen.

Gebyra i sak 20/17306 og sak 20/18544 er skrive ut med heimel i lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltning vedteke av kommunestyret den 19.12.2019 i sak 53/2019.

Det er ikkje klagerett på forskrifter jf. Forvaltningslova §§3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr eller over storleiken på gebyret.

Søknad om arealoverføring vert handsama på lik line med søknad om deling. Arealoverføring krev løyve etter Plan og bygningslova §20-1 m. Ein kan ikkje få gjennomført oppmålingsforretning i ei arealoverføringssak utan slikt løyve. Søknad om arealoverføring vert handsama av avdeling for plan og byggesak i kommunen. Underteikna har hjulpet plan og byggesaksavdelinga med delingssaker. Søknaden er gebyrbelagt jf. lokal forskrift om gebyr. Oppmålingsforretning etter reglane i Matrikkelova vert handsama av oppmålingsavdelinga og er også gebyrbelagt jfr. same forskrift.

Gebyr for sakshandsaming etter Plan og bygningslova er fakturert med kr. 7700,- i fakturanr. 50000986.

Gebyr for oppmålingsforretning etter Matrikkelova er fakturert med kr.17185,- i fakturanr. 500001038.

Svar på dykkar spørsmål om kva «Forskrift om kommunenes beregning og innkreving av anløpsavgift» har å gjere med oppmålingsforretning er at dette er standardtekst i ein gamal mal som er nytta som fakturagrunnlag i denne saka. Malen har utklypp frå lokal forskrift om gebyr som gjaldt for Meland kommune. Det er vist til ulike heimelsgrunnlag for gebyr etter ulike lover. Me ser at denne malen ikkje er god og vil fase den ut og få ny mal for fakturagrunnlag på plass.

Elles er det å nemne at i oppmålings-saka også er gjennomført grensejustering av 73.7m² frå gbnr 325/5 til gbnr 325/41 utan at det er fakturert gebyr for dette.

Du kan sjå gebyrregulativet for 2021 på heimesida til Alver kommuner:
<https://www.alver.kommune.no/contentassets/9ac0d4d97cc3432a8963b4d81a49c5c8/lokal-forskrift-om-gebyr-for-plan-byggesak-oppmaling-og-eigarseksjonering-for-2021.pdf>

Håper dette er svar på dine spørsmål. Om du ønskjer å oppretthalde klage på gebyr må du gje oss tilbakemelding. Saka vil då verta sendt over til avdeling for Miljø og tilsyn for handsaming.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Aili Vibeke Mjåtvedt Holst

Fosse 189

5919

FREKHAUG